



PROTOKOLL FOR UNGDOMSRÅDET

Møtenr.: 2
Møtedato: 03.03.2026
Tidspunkt: 15:45 - 18:00
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

Erlend Eide
Fleur Amelie De Quartel
Hala Albakri
Ida Regine Bjørnsen
Lykke Mathilde Bøe Jørpeland
Maria Serigstad
Synnøve Aarsland
Thor Bloch Breiland
Vilja Nummedal

Forfall

Jafet Ezequiel Martinez
Odin Tjelta Søiland

Som vara møtte

Viktoriiia Akhizarova

Frå administrasjonen møtte: Rådgjevar Monica Aga, formannskapssekretær Tone Storesætre og ungdomskoordinator Brit K. Wiig.

Saklista vart godkjent.

Bryne, 03.03.2026

Fleur Amelie De Quartel
leiar

Brit Kristine Wiig

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
006/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
007/26	REVISJON AV RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN
008/26	HØYRINGSINNSPEL FOR MOGLEG FELLES UNGDOMSSKULE MED KLEPP KOMMUNE
009/26	BRUKARUNDERSØKING 2025 TIME BIBLIOTEK
010/26	SØKNAD OM STØTTE FRÅ UNGDOMMENS FYLKESRÅD
011/26	REFERATSAKER

006/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling:

Protokoll frå møte 27.01.2026 vert godkjent.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 006/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 27.01.2026 vert godkjent.

007/26 : Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret godkjenner revidert rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2026-28.

Senior- og Brukarrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

SBR - 011/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner revidert rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2026-28.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 007/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner revidert rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2026-28.

008/26 : Høyringsinnspel for mogleg felles ungdomsskule med Klepp kommune

Uttale frå ungdomsrådet

Ungdomsrådet

Innspel frå ungdomsrådet:

1. Kva positive konsekvensar får det for elevane frå Orstad og Frøyland å gå på same ungdomsskule? Kvifor er dette positivt?

- Betre fellesskap
- Moglegheit til å få fleire vener
- Elevane bur nær kvarandre og får same nærskule som naboane sine.
- Kan gi meir og betre utstyr som gagnar elevane.
- Fleire lærarar og eit større elevmiljø, noko som kan skape betre læring.
- Elevane kjenner fleire frå nærmiljøet sitt.
- Dei har ofte allereie kjennskap til kvarandre gjennom idrettslag og kyrkje – dette kan styrke eksisterande relasjonar eller skape nye.
- Større mangfald, fleire folk og fleire moglegheiter.

2. Kva utfordringar kan ein felles ungdomsskule ha for elevane? Korleis kan dette løysast?

- Lengre skuleveg for nokre elevar frå Orstad.
- Det kan oppstå utestenging og splitting i miljøa, til dømes «Orstad vs. Kverneland».
- Nokre grupper kan halde seg berre med dei som kjem frå eigen barneskule.
- Ein må vere merksam på tidlegare mobbesaker eller utestenging, særleg dersom nokon har flytta for å få nytt miljø.
- Fleire elevar kan føre til mindre individuell merksemd frå lærar i større klassar.
- Passe på gode prosessar frå starten ved etablering av nye klassar. Skal det etablerast nye klassar?
- Kapasitet totalt: Skal ungdomstrinnet delast, der nokre har undervisning i Kvernhallen? Korleis løyser ein friminutt og timar når ein er nær barneskulen og fysisk skilt frå sjølve ungdomsskulebygget?
- Små klasserom og spesialrom – er det nok plass til store eller fleire klassar?
- Vanskelegare for lærarane å følgje opp kvar enkelt elev i eit større miljø. Større grupper krev meir av dei vaksne dersom det oppstår utfordringar med åtferd, mobbing, rus osv.
- Lengre avstand til venner – treng betre kollektivtransport mellom Orstad og Kverneland.
-

3. På ein skala frå 1-5 i kor stor grad vil du anbefale ein felles ungdomsskule for elevane på Orstad og Frøyland?

-Ungdomsrådets 10 medlemmer svara slik: 4,4,4,3,4,4,4,3,2,3.

UNG - 008/26 Vedtak:

Innspel frå ungdomsrådet:

1. Kva positive konsekvensar får det for elevane frå Orstad og Frøyland å gå på same ungdomsskule? Kvifor er dette positivt?

- Betre fellesskap
- Moglegheit til å få fleire vener
- Elevane bur nær kvarandre og får same nærskule som naboane sine.
- Kan gi meir og betre utstyr som gagnar elevane.
- Fleire lærarar og eit større elevmiljø, noko som kan skape betre læring.
- Elevane kjenner fleire frå nærmiljøet sitt.
- Dei har ofte allereie kjennskap til kvarandre gjennom idrettslag og kyrkje – dette kan styrke eksisterande relasjonar eller skape nye.
- Større mangfald, fleire folk og fleire moglegheiter.

2.Kva utfordringar kan ein felles ungdomsskule ha for elevane? Korleis kan dette løysast?

- Lengre skuleveg for nokre elevar frå Orstad.
- Det kan oppstå utestenging og splitting i miljøa, til dømes «Orstad vs. Kverneland».
- Nokre grupper kan halde seg berre med dei som kjem frå eigen barneskule.
- Ein må vere merksam på tidlegare mobbesaker eller utestenging, særleg dersom nokon har flytta for å få nytt miljø.
- Fleire elevar kan føre til mindre individuell merksemd frå lærar i større klassar.
- Passe på gode prosessar frå starten ved etablering av nye klassar. Skal det etablerast nye klassar?
- Kapasitet totalt: Skal ungdomstrinnet delast, der nokre har undervisning i Kvernhallen? Korleis løyser ein friminutt og timar når ein er nær barneskulen og fysisk skilt frå sjølve ungdomsskulebygget?
- Små klasserom og spesialrom – er det nok plass til store eller fleire klassar?

- Vanskelegare for lærarane å følgje opp kvar enkelt elev i eit større miljø. Større grupper krev meir av dei vaksne dersom det oppstår utfordringar med åtferd, mobbing, rus osv.
- Lengre avstand til venner – treng betre kollektivtransport mellom Orstad og Kverneland.

3. På ein skala frå 1-5 i kor stor grad vil du anbefale ein felles ungdomsskule for elevane på Orstad og Frøyland?

-Ungdomsrådets 10 medlemmer svara slik: 4,4,4,3,4,4,4,3,2,3.

009/26 : Brukarundersøking 2025 Time bibliotek

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Rapport etter gjennomført brukarundersøking i Time bibliotek tas til orientering.*
2. *Ny brukarundersøking for Time bibliotek vert gjennomført i 2029.*

Senior- og Brukarrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

SBR - 013/26 Vedtak:

1. *Rapport etter gjennomført brukarundersøking i Time bibliotek tas til orientering.*
2. *Ny brukarundersøking for Time bibliotek vert gjennomført i 2029.*

Ungdomsrådet

Kommentar frå **ungdomsrådet**:

Viss ein ønskjer at folk skal svare på undersøkinga, må ein unngå skrivefeil og generelt slurv i tekstmeldinga som blir sendt ut. Det er òg viktig å få tydeleg fram kven som er avsendar, sidan mange trudde at undersøkinga var spam. Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 009/26 Vedtak:

1. *Rapport etter gjennomført brukarundersøking i Time bibliotek tas til orientering.*
2. *Ny brukarundersøking for Time bibliotek vert gjennomført i 2029.*

010/26 : Søknad om støtte frå ungdommens fylkesråd

Kommunedirektøren si innstilling

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet

Innspel frå **ungdomsrådet**:

Det blir søkt om kr 25 000. Ungdomskoordinator Brit Wiig og leiar Fleur Amelie De Quartel får i oppdrag å utarbeide søknaden.

Formålet: Ungdom i arbeid.

UNG - 010/26 Vedtak:

Det blir søkt om kr 25 000. Ungdomskoordinator Brit Wiig og leiar Fleur Amelie De Quartel får i oppdrag å utarbeide søknaden.

Formålet: Ungdom i arbeid

011/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 011/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.